



Sweco Norge AS
Susanne Nyborg Bjelland
Postboks 80 Skøyen
0212 OSLO

Referanser:
Dykkar: 10200098-005-
Vår: 17/1084 - 18/32689

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
30.10.2018

Igangsettingsløyve for riving av bygningsmasse - gbnr 188/323 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 587/18

Tiltakshavar: Region Nordhordland Helsehus Iks
Ansvarleg søkjar: Sweco Norge AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av riving av bygningsmassen på eigedom gbnr. 188/323.

Kommunen har i vedtak datert 31.05.17 gjeve dispensasjon i saka.

Kommunen har i vedtak av 10.07.17 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 09.10.18 sist supplert 23.10.18.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 23.10.18 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

Avfallsplan

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6. Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Nabovarsel

Tiltaket er i hovudsak nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3, i samband med søknad om dispensasjon og søknad om rammeløyve.

Ansvarleg søkjar har i epost datert 12.10.18 gjort greie for følgjande:



(...)Riving av hovedbygninger og oppføring av Region Nordhordland Helsehus ble nabovarslet den 24.03.17. I dette varselet ble tiltaket vist i sin helhet ved omfattende tegningsgrunnlag og situasjonsplan. Tiltaket betinges av en klar forutsetning om at all eksisterende bygningsmasse må rives for å kunne realiseres i sin helhet.

Bakgrunnen for at det i selve rammesøknaden kun ble presisert riving av de to hovedbygningene, er at det på daværende tidspunkt var usikkert hvem som skulle håndtere rivingen av telestasjonen. Rammetilattelsen synes likevel å omfatte «riving av eksisterende bygningsmasse på gbnr. 188/323», hvilket også støtter oppunder vurderingen av at omsøkte tiltak hele tiden har hatt klare forutsetninger om at all eksisterende bygningsmasser må rives.

På bakgrunn av overnevnte, mener vi at det ikke er behov for ny nabovarsling utover varselet som ble sendt 24.03.17.(...)

For heile dialogen vert det vist til dokument i saka.

Kommunen legg søkjar si vurdering til grunn, det vert ikkje kravd yttarlegare varsling.

VURDERING

Vilkår gjeve i rammeløyve er knytt til igangsetting av tiltak med omsyn til etablering av nytt helsehus på eigedom.

Det er per no søkt om løyve til igangsetting av rivingsarbeid på eigedom, tiltaket vert vurdert som ledd i å klargjere eigedom for framtidig bruk i samsvar med gjeldande områderegulering.

Igangsetting av rivingsarbeida vil ikkje vere i strid med vilkåra gjeve i rammeløyve då desse er knytt til etablering av sjølve helsehuset.

Det er levert inn miljøsaneringsskildring av rivingsobjekta.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre fullmakt frå Telenor Eigedom Holding AS som gjev Region Nordhordland Helsehus IKS fullmakt til å rive Telenors mast og bygg på eigedom gbnr. 188/323.

Det er i epost datert 22.10.18 gjort greie for at riving av sjølve telemast ikkje er del av søknaden. Riving av telemast vert omsøkt ved seinare høve.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav e, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av del av tiltaket som omfattar riving av eksisterande bygningsmasse på eigedom gbnr. 188/323. Løyve gjeld riving av følgjande bygningar:

- Bygningsnr.: 176251824 kontor og administrasjonsbygg
- Bygningsnr.: 176251832 lagerhall
- Bygningsnr.: 12494270 telekommunikasjonsbygg.

Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 10.07.17 med vilkår gjeld for tiltaket.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1084

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Region Nordhordland Helsehus Iks

Postboks 13

5902

ISDALSTØ

Kopi til:

Sweco Norge AS

Postboks 80 Skøyen

0212

OSLO

Mottakrar:

Sweco Norge AS

Postboks 80 Skøyen

0212

OSLO